

Mestergruppen Arkitekter AS  
Postboks 1043  
8001 BODØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/3708 - 21/42835

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
23.06.2021

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 89/21 Haugsmyr

**Tiltak:** Fritidsbustad  
**Byggjestad:** Gbnr: 89/21  
**Tiltakshavar:** Torunn Keilegavlen Friis  
**Ansvarleg søker:** Mestergruppen Arkitekter AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 23.04.2021. Vi beklagar sein tilbakemelding i saka. Dette skuldast redusert kapasitet ved byggesaksavdelinga.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Eigedomen får tilkomst til kommunal veg via privat veg. Det må søkjast om utvida bruk av avkøyrsla til offentleg veg.

Søknadsskjema finn du her: <https://www.alver.kommune.no/innhald/veg-vatn-avlop-og-boss/veg/avkoiring-fra-kommunal-veg/>

Søknaden vert behandla av kommunen si avdeling for samferdsel, veg, vatn og avløp – forvaltning. Ytterlegare rettleiing kan de få ved å ta kontakt med dei.

- Det er opplyst i søknaden at det er etablert tilkomstveg fram til eigedomen. Vi er usikker på om vegen er lovleg etablert og ber derfor om at det vert opplyst når vegen vart etablert og om det ligg føre godkjend løyve til å etablera han. Dersom det ikkje kan dokumenterast at vegen er lovleg etablert, må vegen inngå i søknaden. Vegen går over areal som i kommunedelplanen er avsett til LNF-føremål og vil krevja at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå LNF-føremålet.
- Eigedomen skal ha kommunal vassforsyning og privat avløpsløysing via felles privat leidningsnett som er tilkopla offentleg vassverk og felles avløpsanlegg for eigedomane gbnr 89/10, 89/21 og 89/35. Etableringa av anlegget er godkjend

etablert i separate søknadar for den enkelte eigedom, for eigedomen gbnr 89/21 i sak 09/777. Kommunen vurderer at tiltaket er ferdigstilt gjennom vedtak om ferdigattest som er gitt i sak 07/2295 som gjeld gbnr 89/35. Jf. tidlegare melding om at ferdigattest ikke ligg føre.

Det må søkjast om tilknyting til offentleg vassverk. Søknad må sendast inn av rørleggarføretaket som skal utføra arbeidet. Søknadsskjema finn de her:  
<https://www.alver.kommune.no/innhald/veg-vatn-avlop-og-boss/vatn-og-avlop/>

Søknaden vert behandla av kommunen si avdeling for samferdsel, veg, vatn og avløp – forvaltning. Ytterlegare rettleiing kan de få ved å ta kontakt med dei.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn innan **15.08.2021**.

Søknaden vil verta send på høyring når vi har mottatt opplysningar som avklarar om vegen må inngå i søknaden.

Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningsane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll.

## Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

## Are Frøysland Grande Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Torunn Keilegavlen Friis

Landmarksvegen 64

5440 MOSTERHAMN

## Mottakarar:

Mestergruppen Arkitekter AS

Postboks 1043

8001 BODØ